

Imponerende ryddejobb heilt etter skjema.

08.08.2016



Total forvandling på festivaljorden i løpet av søndagen.

Etter at ei særdeles vellukka Festidalen-helg er i hamn, er det ein kjempemessig ryddejobb som skal gjerast. Heile søndag var det ei stor gruppe frivillige som stod på, og då eg var oppom Dønhaug klokka halv åtte søndagskvelden, var det ingen som kunne tenkja seg at 2500 hadde hatt ei super festivaloppleving kvelden før.



Magne og Steinar assisterer Bring-sjåføren.

Då eg var oppe på arenaen i halv to tida i dag var områdesjef Steinar Haugland på plass saman med bonden på Dønhaug, Magne Huglen. Dei kunne fortelja om ein svært effektiv søndag med bra med folk.

- Det er stort sett dei same folka som har vore med dei siste åra. Dei veit kva som skal gjerast og kan oppgåvene, fortel dei to, og legg til at med det gode frammøtet hadde det vore kjekt om ein også hadde sett litt fleire nye ansikt.

Arbeidet er fordelt m.a. på teltgruppe, gjerdegruppe, straum, pyntegruppe, riggegruppe og byggruppe for barar m.m.

Søndagen vart ein tøff dag for riggegruppa. Grunna vinden kom dei seinare i gang enn planlagt. Dermed vart det seint før dei var ferdige. Nokre av karane for ikkje heim før i to-tida om natta.

Også om søndagen vart det sosiale fellesskapet teke vare på. Innimellom kjekke arbeidsøktar var det lunsj med skivemat kl.12, og så fyrte dei opp grillen til grilling av restar av hamburgerar og pølser kl.16.

Då eg var på Dønhaug var 4 reinhaldarar frå sponsoren Alliance+ på plass og sytte for reingjering. Dei var nettopp ferdig med reingjering av toaletta og farta vidare til andre oppgåver. Alliance+ hadde også ansvar for reinhaldet på festivaldagane og tilbakemeldingane var gode.

Steinar Haugland og Magne Huglen assisterte ein sjåfør frå Bring. Han var og henta ein kontainer med kjøleskap, bardiskar og andre returvarer som skulle til Ringnes.



I ettermiddag skal m.a. 900 m gjerde og 350 paller transporterast vekk.

Kl.17 i dag er det klart for ny dugnad. Då er det berre å stilla opp og hjelpa. Då skal 45 kubikkmeter flis samlast opp. Det er ein heila jobb, og flisa er nok noko tyngre enn då den vart lagt ut.

I ettermiddag er også lastebilsjåføren Odd Henning Saghaug tilbake for å syta for at utstyr og materiale vert frakta vekk frå Dønhaug. Lastebilen vert lånt frå Bygger`n Teigen, og Saghaug har gjort ein kjempejobb i arbeidet rundt Festidalen! Han har vore aktiv for Festidalen heilt sidan oppstarten.



Fornøgde Magne Huglen har framleis grøne plenar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.